



Elin Johannesen Monstad  
Vatne 7  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1519 - 19/18129

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
07.06.2019

## Gbnr 170/1 Vatne - Konsesjon for kjøp av 370 dekar tilleggsjord frå gbnr 170/5 Vatne

Administrativt vedtak. Saknr: 342/19

### Vedtak

Lindås kommune gjev Elin Johannesen Monstad og John Monstad konsesjon for kjøp av ein 371203,2 m2 stor teig som vert arealoverført frå gbnr 170/5. Det vert sett som vilkår at arealet vert tilleggsjord til landbrukseigedomen gbnr 170/1,6. Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i konsesjonslova.

### Mynde :

Saka vert handsama av Landbrukssjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

### Saksutgreiing

### Saka gjeld :

Elin Johannesen Monstad og John Monstad søker konsesjon for kjøp av eit 370 dekar stort areal som er frådelt gbnr 170/5 for å verte arealoverført til gbnr 170/1 Vatne. Etter oppmåling er den nøyaktige arealstorleik 371203,2 dekar. Formålet er tilleggsjord til gbnr 170/1 for landbruksdrift. Søklarane har drifta arealet i 20 år, men ynskjer no å kjøpa det. Kjøpesummen er kr 470.000,-

### Lovverk :

Saka skal handsamast etter §1 i konsesjonslova som er formålsparagrafen. Vidare skal søknaden handsamast etter § 9 då formålet med kjøpet er landbruk. Vidare er arealet underlagt priskontroll, sjølv om



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Einar Rydland


**Mottakrar:**

Elin Johannesen Monstad	Vatne 7	5912	SEIM
John Monstad	Vatne 7	5912	SEIM
Per Normann Ragnarson Sæbø	Vatne 13	5912	SEIM

det er mindre enn 35 dekar full- og /eller overflatedyrka jord, då eigedomen er ubebygd jfr § 9a i konsesjonslova.

**Det omsøkte arealet, ca 370 dekar :**

Det vert synt til jordlovsbehandliga i sak 19/1120 der det vart gjeve løyve til deling av eigedomen. Etter oppmåling av arealet er endeleg arealstorleik 371203,2 m<sup>2</sup>.



**Vurdering:**

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1 og rundskriv M -3 /2017 Konsesjon, priskontroll og boplikt. Rundskriv M-3 /2017 pkt. 5.1 viser til; «Konsesjonsloven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforholds om er mest gagnlige for samfunnet».

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

*1. Om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*

Det er i priskontroll på eigedomar som er ubebygd og som skal nyttast til landbruksformål, jf §9 a.

Administrasjonen har vurdert prisen for ervervet og har ikkje merknad til prisen.



*2. Om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i område*

Søkjar eig og er busett på naboeigedomen, og ressursgrunnlaget hans eigedom vert styrka. Dette kan bidra til å oppretthalda busetjinga på bruket.

*3. Om overtaking medfører ei driftsmessig god løysing*

Omsøkt areal er frådelt frå nabobruket og har felles grense i dag. Det er ei omfattande landbruksdrift etter lokal målestokk på gbnr 170/1 og garden har stor nytte av det aktuelle arealet i si drift. 20 års leige av det aktuelle arealet vitnar om det. Det vert elles synt til same vurdering i jordlovsak 19/1120.

*4. Om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen*

Administrasjonen vurderer søkjar som skikka til å drive eigedomen etter mange år med storfe- og småfehold.

*5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Tilleggsarealet skal nyttast til grasproduksjon for husdyrhaldet. Administrasjonen meiner at planlagt bruk av teigen vil gje ein god ivaretaking av ressursgrunnlaget og landskapet.

**Konklusjon :**

Konsesjonssøkjar er busett i kommunen, på naboeigedomen. Søkjar driv med kjøttproduksjon, og skal drive eigedomen sjølv. Planlagd drift vil såleis halde ressursgrunnlaget i hevd. Rådmannen meiner at dei omsyna som konsesjonslova skal ivareta for heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet vert ivareteke. Rådmannen vil etter ei samla vurdering rå til at det vert gjeve konsesjon som omsøkt, då søknaden er i samsvar med dei føremåla lova skal ivareta.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

*Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.*

**Gebyr :**

Det vert sendt faktura for sakshandsamingsgebyr, kr 2000,- til søkjar.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef